



Therese Kaland Leiknes
Risåsen 3C O Åse Kaland
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15319 - 20/64954

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
15.10.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 195/2 Leiknes

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 195/2
Tiltakshavar: Therese Kaland Leiknes

Alver kommune har den 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 Vest AS om at det ved tømning den 24.08.2020 vart registrert framandelement (mykje våtserviettar) i septiktanken på eigedommen din, med adresse Hodnesdalsvegen 82, 5915 Hjelmås.

Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at *«(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning»* uten at det er gitt løyve.

I medhald av forureiningslova § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen påleggje den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, oppmodar me dykk til å ikkje kaste våtserviettar el. lignande i sanitærutstyr.

Dersom dette fortset, vil framtidig tømning av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, nødvendig kostnad for deg.

Det vart og meldt om at lokket på septiktanken ikkje var i tilfredsstillande stand. I følgje melding frå Norva24 AS måtte tømmemannskapet finne ei steinhelle å legge over tanken. Usikra lokk over septiktanken er ein fare for menneske og dyr, som kan falle ned i tanken og bli sjuke.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne

beholdarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, eventuelt leigar eller festar dersom det eksisterer eit leigeforhold som skal gjelde for meir enn to år, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Lokket må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 31.10.2020.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og at forsvarleg lokk vert montert. Lokk på kum må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side.

For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i pbl. §§ 32-3 og 32-2.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lokket er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Therese Kaland Leiknes

Risåsen 3C O Åse Kaland

5912

SEIM